

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		17.03.2020

Tildeling av tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap

Forslag til vedtak:

- Hovudutval for kultur, idrett og integrering tildeler tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71, tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap til fylgjande prosjekt:

	Søklar	Objekt	Tildeling 2020	Førehands-løyve 2021
1	Museumssenteret i Hordaland avd. Lyngheiseret	Kystlyngheiene på Ytre Lygra	630 000	
2	Tore Andre Frugård	Thomas Erichsens Minde, hovudhuset	250 000	
3	Stiftinga Otternes Bygdetun	Eilertstova	100 000	
4	Stiftinga Otternes Bygdetun	Nystova i Guttormgarden	100 000	
5	Mikal Krossøy	Krossøy Sjøbruksmiljø, Torvhuset	4 500	
6	Mikal Krossøy	Krossøy Sjøbruksmiljø, Sjøbua	4 500	
7	Stiftelsen Espeland fangeleir	02 Brakke I	80 000	
8	Stiftelsen Espeland fangeleir	03 Brakke II	20 000	
9	Stiftelsen Espeland fangeleir	Utomhus, tilbakeføring av piggrådgjerde og rekkverk		330 000
10	Krigsveteranenes Minne Kronstad	Kronstad hovedgård, hovedbygningen	500 000	
11	Krigsveteranenes Minne Kronstad	Stallen	20 000	
12	Gerdt Meyer Bruun A/S	Reperbanen på Fjøsanger	700 000	700 000
13	Nord- og Midthordland høgskulelag	Store Milde, hovudbygningen, prosjekteringsmidlar	200 000	
14	OBOS eiendom as	Kjøttbasaren	400 000	
15	Anne Margrethe Konow Lund	Sophies Minde, hovudbygning	1 200 000	

1 6	Anne Margrethe Konow Lund	Sophies Minde, hagen	10 000	
1 7	Boligen borettslag	Arbeiderboligen 2-4-6	70 000	
1 8	Sandviksveien 60 og 62 as	Mesterhuset	600 000	600 000
1 9	Tryllefløyten Steinerbarnehage SA	Stamerhuset	1 000 000	1 700 000
2 0	Janne Gullaksen, Urdi eiendom as	Urdihuset	80 000	
2 1	ANS Torgalmenningen 14/B+B arkitekter as	Sundt ANS	400 000	500 000
2 2	Johan Langes Legat	Store Fjøsanger hovedgård, hovudbygningen	53 000	
2 3	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	St. Jørgens hospital, hovudbygningen	700 000	
2 4	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	Alvøen, hovedbygning		170 000
2 5	Fortidsminneforeningen	Holdhus gamle kyrkje	250 000	
2 6	Herman Folgerø	Foldøyhamn handelsstad, Gjestgiveriet	250 000	
2 7	Bjørn Alexander Berstad	S. Kloumanns Allé 1, brygga	21 000	
2 8	Venneforeninga for Bispestova i Lavik	Bispestova	75 000	
2 9	Frank Lunde	Prestegardsnaustet	200 000	
3 0	Stiftelsen Fjelberg Prestegard	Fjelberg prestegard, bispestova	75 000	
3 1	Baroniet i Rosendal/ Den Weis-Rosenkronske stiftelse	Baroniet i Rosendal, hagen	78 000	
3 2	Stig Fredheim	Naust i Sunndal	200 000	
3 3	Inger Lise C. Fladhammer	Flahammer, hovudhuset	150 000	
3 4	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid, Steinstova	1 500 000	
3 5	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid, stabburet	40 000	
3 6	Stiftinga Ormelid Gard	Ormelid, øvstastova	30 000	
3 7	Fortidsminneforeningen	Gaupne gamle kyrkje		350 000
3 8	Helene Kjærland	Havrå - skjøtsel	135 000	
3 9	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	Havrå bruk 2,4 og 6 - skjøtsel av kulturlandskap	2 200 000	
4 0	Einar Ove Håland	Teodorhuset	200 000	
4 1	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård, hovudbygningen	157 000	
4 2	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård, revegetering av slåtteeuger	100 000	

4 3	Scoop AS	Hotel Mundal		1 500 000
4 4	Elisabeth Tonheim	Heimdalsstrand, bustadhuset	495 000	
4 5	Kari-Anne Kirsebom Strandman	Loftesnes sorenskrivargard	1 200 000	
4 6	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, villaen (takrenner)		100 000
4 7	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, villaen (takoverbygg)		50 000
4 8	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, istandsetjing av bakkemur bak Bungalowen	239 000	
4 9	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, istandsetjing av betongmur bak driftsbygningen		131 000
5 0	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, bakkemur ved vedhuset		116 000
5 1	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, bakkemur vest for villaen		70 000
5 2	Henny Staalnacke	Tingvoll, bustadhuset	183 000	
5 3	Anders Blytt	Vedaskuten på Enstabøvoll gard		250 000
5 4	Stiftinga Hesthamar skrivargard	Hesthamar skrivargard, hovudbygningen	700 000	
5 5	Tillik Haustveit	Utne hotel	200 000	500 000
5 6	Karstein Bremnes	Smelteverkstomta Næringsutvikling as	530 000	
5 7	Esben Aga	Agatunet, Asbjørnstova	300 000	
5 8	Ingvald Torblå	Importkaien Odda AS		2 000 000
5 9	Stiftelsen Agatunet	Agatunet, Johans-stabbur	270 000	
6 0	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, hovudbygning	50 000	
6 1	Eirik Øvreeide	Rekvemylna	50 000	200 000
Sum tildelt			17 000 000	9 267 000

2. Tilbaketrekt tilskot frå 2018 vert fordelt tilbake til igangsett prosjekt

	Søklar	Objekt	Tilbaketrekt sum	Ny tildeling 2020
1	Scoop AS	Hotel Mundal	2 039 000	2 039 000
2	Stiftinga Otternes Bygdetun	Eilertstova	180 000	180 000
3	Stiftelsen Espeland fangeleir	Pumpehus	18 920	18 920
4	Christinegaard hovedgård AS	Christinegård , hovudbygningen	239 996	239 996
5	Christinegaard hovedgård AS	Christiengård, driftsbygning	53 000	53 000
6	Anne Margrethe Konow Lund	Sophies Minde, hovudbygning	7 195	7 195
7	Anne-Margrethe Konow Lund	Sophies Minde, hagen	7 500	7 500

8	Anders Haaland	Brødretomten	300 000	300 000
9	Eiut AS	Slettebakken hovedgård, hovedbygningen	213 000	213 000
1 0	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, glasstove (ID 3)	67 000	67 000
1 1	Lindåsslusene c/o Ragnhild T- Langøy	Lindåsslusene, sluseplattung med skur	150 000	150 000
1 2	Stiftelsen Agatunet	Lensmannsstova , Aga	350 000	350 000
1 3	Eirik Øvreeide	Rekvemylna	48 000	48 000
Sum			3 673 611	3 673 611

3. Tilbaketrekte tilskot som vert for delt til nye prosjekt

	Søkjjar	Objekt	Tildeling
1	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10 og 11 Slått	170 000
2	Leif Havre	Løa	150 000
3	Hardanger folkemuseum	Borgstova i Vikøy prestegard	20 000
4	Rita Ramondou	Kapteinsgården	150 000
5	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singers minde	Dalheim/Singerheimen, villaen (takrenner)	374 000
6	Frank Lunde	Prestegardsnaust et i Strandebarm	300 000
Sum			1 164 000

4. Tilbaketrekt tilskot frå post 72.5 tilskot til freda og andre særlege verdifulle kulturmiljø

	Søkjjar	Objekt	Budsjettår for tilskotet	Tildeling
1	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - revegetering av slåtteenger	2013	100 000

5. Søknadar om tilskot som vert føreslått avslegne

	Søkjjar	Objekt
1	Stiftinga Otternes Bygdetun	Thomasløa
2	Stiftinga Otternes Bygdetun	Samletiltak på alle bygningar i tunet
3	Jørgen Jørgensen	Møllersalen
4	Tone Mjelde	Steinmur i Mjeldalen
5	Stiftelsen Espeland fangeleir	Espeland fangeleir, 05 administrasjonsbygningen
6	Stiftelsen Bymuseet i Bergen	St. Jørgens stiftelse - undersøking av grunnforhold
7	Nord- og Midthordland høgskulelag	Store Milde, hovudbygningen, førebuing utbetring av to salar
8	Morten Knutsen Albeslag as	Skuteviksboder 14-15
9	Leif Havre	Våningshus
10	Leif Havre	Uthus
11	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - låven
12	Stiftinga Museumssenteret i Hordaland	Havrå - Gullekshuset
13	Rita Ramondou	Kapteinsgården. hagenmur

14	Nils J. Knagenhjelm	Kaupanger hovedgård - kulturlandskapet
15	Stiftelsen William H. Singer Jr's og Anna Brugh Singes minde	Dalheim/Singerheimen - restaurering av maleri

6. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til at dei ubrukte tilskota som er trekt inn og ikkje fordelt jf. pkt. 2 og 3, samt renteinntekter, til saman kr 1 597 961,- vert sett av til strakstiltak og dendrokronologiske analysar. Utvalet gjev fylkesdirektøren fullmakt til fordeling av desse midlane.
7. Fylkesdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.
8. Dersom nokon av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering fylkesdirektøren høve til å omfordele midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot jf. pkt. 1 ovanfor.
9. Dei resterande midlane frå førehandsløyvinga for 2021, kr. 733 000,- vert fordelt i eit seinare møte.

Samandrag

Saka handlar om tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2020 kap. 1429 post 71 tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap. Kvart år kan eigarane av freda kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap søkje fylkeskommunen om støtte til ulike istandsetjings og skjøtselstiltak. På bakgrunn av søknadane frå eigarane søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om kr. 55 063 429,- i tilskot for 2020. I brev av 20. februar 2020 tildelte Riksantikvaren kr. 17 000 000,- til Vestland fylkeskommune for 2020 og kr. 10 000 000,- for 2021. Desse midlane skal no fordelast til ulike tiltak på freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

David J. Sandved
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvart år kan eigarar og forvaltarar av freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til ulike istandsetjingstiltak på sine kulturminne. I 2020 fekk Vestland fylkeskommune inn søknadar om tilskot til 81 ulike nye prosjekt som var tilskotsberettiga, med ein samla søknadssum på kr. 61 937 096,-.

Fylkeskommunen fekk i tillegg ein søknad som ikkje var tilskotsberettiga, jf. retningslinene for tilskot. Eigar har fått avslag administrativt. Denne søknaden vert ikkje omtala i denne saka. I tillegg er delar av tiltaka i nokon av søknadane ikkje tilskotsberettiga og fylkeskommunen har trekt desse ut av søknadssummen til Riksantikvaren. Fylkeskommunen hadde óg nokon tilbaketrekte midlar som skal fordelast til nye prosjekt. På bakgrunn av dette vart det søkt Riksantikvaren om kr. 55 063 429,- i tilskot for 2020. I brev av 20. februar 2020 fekk Vestland fylkeskommune tildelt kr. 17 000 000,- for 2020 og ei førehandsløyving på kr. 10 000 000,- for 2021.

Tilbaketrekte midlar

Ein del prosjekt vert ikkje ferdigstilt innan fristen og nokre prosjekt vert ikkje gjennomførte, samt at nokre prosjekt vert noko rimelegare enn forventa slik at eigar ikkje nyttar alle tilskotsmidlane. Fylkeskommunen må då trekkje desse midlane tilbake for omfordeling. For dei prosjekta som er igangsett vert det føreslått å løyve dei tilbaketrekte midlane på nytt, slik at framdrifta i desse prosjekta vert oppretthalde. For prosjekt som ikkje er starta opp og som ikkje vil bli gjennomført føreslår fylkesdirektøren at ein del av midlane vert løyvd til prosjekt i søknadane for 2020. I tillegg vert ein sum sett av til strakstiltak på freda bygningar og til dendroanalyse (årringdatering av bygningar).

Rentemidlar

Ein fylje av at tilskot vert ståande på fylkeskommunen sin konto i påvente av utbetaling til tilskotsmottakar er at fylkeskommunen får renter av desse midlane. Rentemidlane skal nyttast til same føremål som for tilskot frå post 71. I løpet av året oppstår det ofte uføretsette hendingar knytt til den freda bygningsmassen som fører til behov for tilskot. Fylkesdirektøren føreslår difor at renteinntektene vert sett av til strakstiltak.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering:

3 Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

- Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Vurderingar og verknader

Tildelte midlar 2020

Tildeling frå Riksantikvaren for 2020	17 000 000
Førehandstilsegn frå Riksantikvaren for 2021	10 000 000

Andre tilgjengelege midlar for 2020

Tilbaketrekte midlar 2019	Kr. 1 834 038,-
Udisponerte midlar 2018/2019	Kr. 639 166,-
Tilbaketrekte midlar som fordelast på nytt til same tiltak:	Kr. 3 673 611,-
Ubrukte rentemidlar til fordeling	Kr. 288 757,-

Søknadar 2020

Tal omsøkte nye prosjekt	81
Tal på nye prosjekt som er tilrådd støtte	66
Tal prosjekt som får tildelt midlar på nytt	13
Tal på prosjekt som er tilrådd avslag	15
Søknadssum 2020 frå eigarar	kr. 61 937 096,-
Søknadssum 2020 frå FK til Riksantikvaren	Kr. 55 063 429,-

Økonomi:

Saka gjeld fordeling av øyremerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima: Istandsetjing av bygningsarven vår er eit godt klimatiltak. Ved å kunne nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein kunne redusere behovet for nybygg og såleis redusere klimaavtrykket knytt til bygningsmassen vi omgjev oss med. Dette av di nybygg krev mykje ressursar for å føre opp, og bruk av eksisterande bygningsmasse vil krevje mindre ressursar enn å bygge nytt. Bygg- og anleggssektoren er den sektoren i fastlands-Noreg som er mest energiintensiv og gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg er difor eit viktig miljøtiltak.

For meir informasjon om kulturminne og klima syner vi til Riksantikvaren sitt informasjonsblad om deira arbeid med bymiljø, klima og energisparing: https://ra.brage.unit.no/ra-xmlui/bitstream/handle/11250/192926/Klimaendringer_Riksantikvaren_rapport.pdf?sequence=1&isAllowed=y

Folkehelse: ikkje relevant

Regional planstrategi: ikkje relevant

Målgruppe og nasjonale mål

Målgruppe og dei nasjonale måla for tilskotsordninga er nedfelt i Rundskriv Nr: T-1/19 tilskotsordningar for 2020 som omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m.

Tilskotsordninga går i hovudsak til Bevaringsprogrammet for freda bygningar i privat eige og målet er at freda og andre særleg verdifulle kulturminne, kulturmiljø og landskap i privat eige skal vere sett i stand til ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Vidare skal tilskotsordninga fylje opp dei statlege pliktene i kulturminnelova. Det vil seie å gje heilt eller delvis vederlag til private eigarar av freda kulturminne til fordyrande arbeid som følgjer av vilkår for dispensasjon og til spesielt tyngande vedlikehaldsansvar, jf. kulturminnelova.

Tilskotsordninga har tre målgrupper:

- Private eigarar og forvaltarar av freda bygningar og anlegg.
- Private eigarar og forvaltarar av freda eller spesielt verneverdige kulturminne og kulturmiljø som er typiske for liv og verksemd langs kysten.
- Private eigarar og forvaltarar av dei freda kulturmiljøa, samt andre særleg verdifulle kulturmiljø og landskap.

Generelle føresetnader og kriterium for tildeling

Gjennom tilskotsordninga kan fyljande tiltak få tilskot:

- Bygningar og anlegg frå etter 1537, inkludert automatisk freda samiske bygningar og anlegg, kulturmiljø og landskap som er vedtaksfreda, mellombels freda eller der fredingssak er under handsaming.
- Tilskotet vert gjeve til heil eller delvis dekking av meirutgifter i samband med istandsetjing, vedlikehald og skjøtsel i tråd med fredingsføremålet. Interiør og inventar som er omfatta av fredinga er også omfatta av ordninga.

Tilskot til viktige sikrings- og istandsetjingstiltak blir tildelt etter følgjande prioriteringar:

- Tiltak som stansar og hindrar ytterlegare forfall.
- Mellombels sikring og tiltak som sikrar bygningar og anlegg det finst få av.
- I arbeidet med kystkulturen skal det leggst til rette for at kulturminne og kulturlandskap kan vere med å skape attraktive lokalsamfunn.
- Tilskot til verdifulle kulturmiljø og landskap skal primært tildelast tiltak som er forankra i forvaltnings- og skjøtelsesplanar.
- Tilskotsmidlar til skjøtsel av kulturmiljø som er freda etter kulturminnelova og andre særleg viktige kulturmiljø og landskap, skal primært nyttast til å setje i stand, skjøtte og sikre verdiane. Ein vil prioritere prosjekt som er samordna med andre tiltak og har overføringsverdi.
- Dei freda kulturmiljøa vil bli prioriterte ved tildeling av tilskot.
- Bruk av tradisjonelle materialar, teknikkar, handverk, opplæring og kunnskapsoppbygging er også viktige grunnar for tildeling av tilskot.

For meir informasjon om tilskotsordninga sjå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/tilskotsordningar-for-2020/id2677913/#kulturminnetiltak>

I tillegg til kriteria ovanfor har fylkesdirektøren lagt vekt på fylgjande kriterium i vurderinga av søknadane:

- Vidareføring av prosjekt som er starta opp og der det er nødvendig med ytterlegare midlar for ferdigstilling.
- Ny tildeling av tilskot til prosjekt som er starta opp, men der eigar ikkje har klart å bli ferdig innan tidsfristen.
- Bygningar som har tilstandsgrad 2 og 3

Vurdering av innkomne søknadar

For 2020 fekk Vestland fylkeskommune inn søknadar om tilskot til 75 (76) prosjekt med ein samla søknadssum på kr 61 937 096,- noko som syner at fylkeskommunen har ein god tilgang på søknadar. Vidare vurderer fylkesdirektøren det som viktig at mange av prosjekta vert gjennomførte. I Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) *Framtid med fotfeste* var eit av dei nasjonale måla at den freda bygningsmassen skulle ha ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020. Fylkesdirektøren ser at det ikkje er realistisk å nå dette målet, men at ei gjennomføring av dei prosjekta som er tilrådd tilskot vil bidra til ei høgare måloppnåing.

Mange istandsetjingsprosjekt på freda bygningar er kompliserte og omfattande, og det tek gjerne fleire år før dei er ferdigstilte. Dette gjer at ein i desse sakene ofte tildeler tilskot til same prosjektet i fleire omgangar slik at det kan bli ferdigstilte. Fleire av årets søknadar er av denne typen og fylkesdirektøren ser på det som viktig at dei får ny tildeling slik at ein kan oppretthalde framdrifta i prosjekta.

Alle dei freda bygningane i Vestland fylke er tilstandsregistrert. Dette for at fylkeskommunen og eigar skal ha ei oversikt over vedlikehaldsbehovet for den freda bygningsmassen i fylket. Ved tilstandsregistrering får bygningane ei tilstandsgrad frå 1 til 3. Tilstandsgrad 1 viser til at bygningen treng ordinært vedlikehald, tilstandsgrad 2 at den treng moderat vedlikehald og tilstandsgrad 3 at det er behov for store utbetringar. I samband med tildeling av tilskot har fylkesrådmannen prioritert å gje tilskot til tiltak for å utbetre tilstandsgrad 2 og 3.

Skjøtsel av kulturlandskapet utgjer ein del av tildelingane. Skjøtsel av kulturlandskap er eit kontinuerleg tiltak der innsatsen i tidlegare år misser mykje av verdien dersom skjøtselen ikkje vert oppretthalden. Det er uforholdsmessig kostnadsdrivande å ta kulturlandskap tilbake. Fylkesdirektøren ser det som viktig å drive skjøtsel på om lag same nivå som tidlegare år.

Vurderingane av søknadane som fører fram til forslag om tildeling er gjort i tråd med dei generelle kriteria og føresetnadane for tildeling, samt tilleggskriteria nemnd ovanfor.

For vurdering av den enkelte søknad sjå vedlegg.

Konklusjon

Fylkesdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegg.